



Saksframlegg

Utval av faste møtefullmektige til forliksrådet 2017 - 2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: kommunestyret

Dokument i saka:

K-sak 02/06

Bakgrunn for saka:

Kommunen skal etter forskrift for forliksrådet §3 velje møtefullmektige til forliksrådet. Fyresdal kommune skal velje 3 fullmektige. Denne oppnemninga blei i kommunestyresak 02/06 delegert til rådmannen. Denne fullmakta har blitt utegløymt i seinare delegeringsreglement. Tida er nå inne for ein ny fireårsperiode for møtefullmektige.

Konklusjon:

Møtefullmektige til no har vore, Eva Greivstad, Tor Gunnar Austjord og Gunnar Wraa. Dei har alle takka nei til vidare verv. Administrasjonen har vore i kontakt med nye kandidatar og innstiller difor på at Edvar Nesland, Signe Greivstad og Lise Libjå blir møtefullmektige til forliksrådet for perioden 2017 – 2020.

Innstilling frå rådmannen:

Møtefullmektige til Fyresdal forliksråd for perioden 2017 – 2020 blir:

Edvard Nesland
Signe Greivstad
Lise Libjå

Ketil O. Kiland	
rådmann	Gunn Tone Noraberg
	arkivleiar